



*VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS*

# *Årsmelding*

*for året 2018*

*78. driftsår*



*Åmdal Kraftverk (Skafså I) har produsert rein fornybar kraft i 65 år. Høg spotpris i 2018 gav rekordstor verdiskaping. (Foto: Petter Wraa)*

# **VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS**

## **HISTORISK OVERSYN**

Vest Telemark Kraftlag blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltararne hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA). I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.

VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styrevalg m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes.

## **EIGARSKAP OG FØREMÅL**

VTK er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Nissedal eig 5 %, dei andre 19 % kvar. Aksjekapitalen er på 100 mill.kr.

Konsesjonsområdet dekker dei same kommunane med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle og Haugsjå i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40 % av Telemark fylkes areal.

VTK har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune, og ei avdeling i Treungen.

Føremålet med selskapet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, - og ha aktivitetar innom kraftomsetning, teletenester, elektroinstallasjon og liknande.

VTK er medeigar i produksjonsselskapene Skafså Kraftverk ANS (67 %), Sundsbarm Kraftverk (8,5 %) og Grunnå Kraftverk AS (18,252 %). Til saman gjev dette 250 GWh i eigenproduksjon. Vidare har VTK 40 % i breibandselskapet Telefiber AS. Telefiber eig 41% i NC-Spectrum AS.


## **HOVUDTAL**

VTK har 14300 nettkundar og talet aukar med 150-200 i året, i hovudsak hytter. I høve til talet på abonnentar har VTK eit omfattande nett:


90 km regionalnett	7	transformatorstasjonar
1100 km høgspennetnett	6	koplingsstasjonar
2000 km lågspennetnett	940	nettstasjonar

VTK-konsern sine aktivitetar sysselset ved utgangen av året 62 personar (60 årsverk), av desse er 6 årsverk tilknytta dei deleidde produksjonselskapene (Skafså og Sundsbarm). Selskapet har totalt gjeve eigarane eit utbyte på 418 mill.kr dei siste 20 åra. Bokført eigenkapital i selskapet er 368 mill.kr. Verkeleg verdi er monaleg større.

## OVERSIKT OVER EIGARSKAP pr 31.12.



## ORGANISASJON OG LEIING Vest-Telemark Kraftlag AS



Styreleiar:	Erik Skjervagen	(Guro B. Libjå)	Fyresdal
Styrets nestleiar:	Baiba Sheine	(Øystein Høgetveit)	Vinje
Styremedlemer:	Øyvind Tveit	(Astrid Eidem Nordal)	Nissedal
	Geir Kjartan Lid	(Anne Birgit Sollid)	Kviteseid
	Liv Grethe Ekre	(Eivind Skogheim)	Seljord
	Åshild Løvold	(Knut Urbø)	Tokke
	Aslak Bekhus	(Tor Ivar Berge)	Tilsette
	Jarle Solbu	(Rune Aalandslid)	Tilsette
Dagleg leiar:	Adm.direktør Ketil Kvaale		
Revisor:	Revisorteam Vest-Telemark A/S v/Siv Aarmodt		

(Namna i parantes er personlege varamedlemer).

# STYRETS ÅRSMELDING

## GENERELT OM ÅRET 2018

### *Samandrag*

Året 2018 hadde normal nedbørsmengde, men ein periode på 7-8 veker i juni og juli var heilt tørr. Temperaturen var ref. Åmdal ca 2 grader over normalen.

Kraftproduksjonen hadde normalt volum. Lågare driftskostnader enn i 2017 som fylgje av mindre ekstraordinært vedlikehald. VTK selde heile produksjonen direkte i spotmarknaden (Nordpool). Stigande og høge spotprisar gav difor rekordhøg inntening. Det er kraftproduksjonen som er grunnlaget for resultatforbetringa frå 2017 til 2018. VTK kjøpte seg opp med 3,252% i Grunnåi Kraftverk AS. Trontveit Kraftverk (4 GWh) blei påbyrja hausten 2018 og sett i drift i mai 2019.

Nettrekneskapen viser om lag same volum og inntekter som i 2017. Kostnadene gjekk noko opp. Nettleiga har vore uendra sidan 2015. Investeringsnivået var som planlagt høgt også i 2018, der utskifting av målarparken (AMS) var det største prosjektet. Dette blei ferdigstilt med ein samla kostnad på om lag 42 mill.kr.

Fiberutbygginga gjekk vidare med full tyngde. Det blei investert 27 mill.kr, av dette blei 20 mill.kr finansiert av VTK. VTK har vunne alle anbod vi har gjeve pris på og områder i Vest-Telemark utan tilgang på fiber blir stadig færre og mindre.

Resultatet er det beste nokon gong, med EBITDA på 124 mill.kr (43% av omsetning), EBIT på 100 mill.kr (34%) og resultat etter skatt på 54 mill.kr (19%). Netto (re)investering på 78 mill.kr og utbytte på 27 mill.kr er finansiert med låneopptak på 20 mill.kr og elles over årets drift. Eigenkapitalen er 50% pr 31.12.

### *Produksjon og kraftsalg engros*

I 2018 var det i **Skafså Kraftverk** sitt nedslagsfelt 102% av normal nedbørsmengde. Reduksjon av magasinnivå gjennom året, lite driftsstans og lågt flaumtap gav likevel ein produksjon 10% over normalen. Totalt volum blei 344 GWh mot 346 GWh i 2017. VTK eig 67% av Skafså Kraftverk ANS (i 2018 gav det 231 GWh).

I **Sundsbarm Kraftverk** fall produksjonen frå 517 GWh til 350 GWh. Produksjonen var 20% over normalen i 2017 og 20% under normalen i 2018. Dette var planlagt tilpassing i samband med langvarig stans i 2018 for utskifting av kontrollanlegget. VTK eig 8,5% av Sundsbarm Kraftverk DA og vår kraftandel blei 30 GWh mot 44 GWh året før.


I sum blei VTK sin del av produksjonen i Skafså og Sundsbarm kraftverk på eit relativt høgt nivå; 261 GWh mot 274 i 2017 (- 4,7%). I eit normalår er volumet ca 250 GWh, av dette er 22 GWh levert som konsesjonskraft til regulerte prisar. Resten er 100% seld til spotpris etter at styret i 2017 endra sin strategi på dette området.

Totalt bidrog produksjon/omsetning med 66% (66 mill.kr) av driftsresultatet i 2018, mot 48% (36 mill.kr) i 2017. EBITDA 69 mill.kr.

VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS er ikkje med i tala over, då dette selskapet skattemessig står på eigne bein. VTK auka i 2018 sin eigardel frå 15% til vel 18% ved internt kjøp. Selskapet hadde i 2018 eit resultat før skatt på 14 mill.kr, som tilsvrar ca 28 øre/kWh. Total skatt på nesten 60% reduserar resultatet til 6 mill.kr (2 mill.kr i 2017).

Selskapet har til no (sidan 2006) ikkje betalt utbytte, men prioritert nedbetaling av gjeld og styrking av eigenkapitalen. Eigenkapitalen auka med 6 mill.kr i 2018.

Kraftverket vil ha aggregat 2 i drift frå hausten 2019, noko som vil auke produksjon med ca 20% til 65 GWh. Denne investeringa er finansiert med låneopptak i selskapet.




### Kraftsalg til sluttbrukarar

VTK sel berre til sluttbrukarar i eigarkommunane. All kraft VTK sel er garantert fornybar gjennom ordninga med «opprikkelsesgarantiar».

Marknadsandelen målt i volum er 80% mot 82% i 2017. Vi har 85% av kundane, ein nedgang på 2%-poeng frå 2017. Dei kundane VTK ikkje har, er stort sett landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar, men aggressiv marknadsføring påverkar også andre til å skifte leverandør. Prispolitikken til VTK er å selje til sjølvkost, dvs vekta spotpris NO2 + påslag for pålagt kjøp av elsertifikat. Med den prispolitikken VTK har, er det vanskeleg å sjå at andre kan levere til lågare pris over tid. Konsekvensen er at kraftsalg til sluttbrukarar går med 2-3 mill.kr i underdekning som fylgje av pålagt fordeling av felleskostnader. Denne underdekninga er med i resultattala for produksjon/engrosomsetjing i avsnittet over.

Tokke og Vinje kommunar har i alle år gjeve noko av verdiane i særavtala tilbake til straumkundane i kommunen sin. Frå 1.1.2018 gjekk Vinje kommune ut av denne modellen og valde å omsetje særavtalekrafta gjennom konsesjonskraftstyret. I 2018 har Tokke difor vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av verdiar. VTK kjøpte i 2018 kraft frå Tokke kommune til spotpris med eit tak på 36 øre/kWh. Høge prisar i 2018 gav effekt av dette taket i 10 av 12 månader og reduserte prisen for «Tokkebuarane» med ca 6 øre/kWh +mva. Kommunen kom også godt ut av det i høve til alternativet.

For forsyning av dei andre kommunane blir det kjøpt inn kraft i marknaden. Vekta middelpris for desse (inklusiv elsertifikat) var 42,1 øre/kWh mot 28,8 året før (+46%).




## Nett

Investeringane i nettanlegg og utstyr var på nivå med 2017. Totalt 58 mill.kr, fordelt med 21 mill.kr til AMS, 3 mill.kr til transportmidlar/utstyr og 34 mill.kr til nettanlegg. Kundane har delfinansiert nettanlegga med 11 mill.kr, slik at netto til aktivering er 23 mill.kr.

Dei 2 siste åra har hatt noko redusert aktivitet som følge av at AMS-prosjektet og fiberutbygging har teke mykje ressursar. Dette er løyst ved at ein del fornying av gamle anlegg er utsett. Lista under viser dei største prosjekta i 2018 rangert:


- AMS/NSO, totalt 42 mill.kr over 5 år
- Lio trafostasjon, nytt 22kV koplingsanlegg
- 22 kV, ombygging mellom Åmdal og Fyresdal
- 22 kV, nyanlegg, tunnel Århus-Gammen (Statens Vegvesen betalar anleggsbidrag)
- 22 kV, ombygging Kviteseid – Kvitsund
- 22 kV, ombygging Brekkegronda, Seljord
- 22 kV, ombygging Hvestad-Dalen sentrum
- 22 kV, nyanlegg Botn aust, Vinje
- 22 kV, ombygging linje Kostveit, Vinje

Ombygging er i hovudsak å erstatte gammalt luftanlegg med jordkabel.




Talet på nettkundar auka med ca 150, og var ved årsskiftet 14436.


Hyttekundar utgjorde nesten heile tilveksten. Forbruket hjå VTK sine kundar var 261,9 GWh, som er ein auke på 0,8%, men likevel 2,5% lågare enn rekordåret 2010 (268,7 GWh).



Driftsregulariteten var middels og dårligare enn i 2017. Ikkje levert energi (ILE) var på 134 MWh. Dette gjev ein regularitet på 99,95%, noko som tilsvarer 4,5 timer straumlaust i gjennomsnitt. Årsaken var snø/is i januar, sterk vind i juni og september og nokre tilfelle av tekniske feil. KILE-kostnaden blei på 9,6 mill.kr, som er den høgaste sidan 2011.



Nettleiga blei sist auka 1.9.2015 i samband med at VTK måtte starte innhentinga av ei stor akkumulert mindreinntekt. Nettleiga er framleis høgare enn årleg inntektsramme skulle tilseia, men vi reknar med å ha henta inn siste rest i 2019. I 2018 var meirinntekta 8,8 mill.kr (7%). Det reduserar saldo mindreinntekt til ca 8 mill.kr. Jfr note 19.



Driftsresultatet for nettdrifta blei om lag 30 mill.kr, som er 8 mill.kr lågare enn i 2017. Årsaken er primært høgare kostnader mot overliggende nett (Statnett), høgare personalkostnader pga auke i pensjonskostnader og meir overtid pga feil. Auke i avskrivningar (AMS m.m) reduserar også driftsresultatet.

VTK sin effektivitetsscore i NVE sin måling for 2018 var 102% og i 2019 er den utrekna til 102%. Desse verdiane har sitt grunnlag i VTK sitt rekneskap for 2016 og 2017 (2 år på etterskot). Gjennomsnittet for alle nettselskapa i Noreg er 100%. Det er bare 25% av selskapa som oppnår 100% eller meir.

## ***Anna verksemd***

### **TELE (Fiber)**

VTK eig 40 % av Telefiber AS. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 5 tilsette. Selskapet driv primært med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har også aktiviteten vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverar breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal, eit område som har store investeringskostnader pr kunde. Selskapet har ca 5000 kundar; - eit tal som stadig aukar pga utbygging av "Fiber To The Home" (FTTH). Talet på fiberkundar pr. 31.12.2018 var 3750. Selskapet betalar ein god pris til eigarselskapa for fiberleiga, men har likevel ein sunn og god økonomi. Selskapet hadde i 2018 ei omsetning på 38 mill.kr. Etter betaling til eigarane for leige av infrastruktur (16 mill.kr), blei resultatet tilnærma null. Det blei likevel betalt utbyte på 0,4 mill.kr. Telefiber eig 41% av selskapet NC-Spectrum som held til i næringshagen i Kviteseid.

VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett. Også i 2018 var det svært stor aktivitet med brutto investering på 27 mill.kr (20 mill.kr etter frådrag av anleggstilskot). Høgaste årlege investeringsnivå nokon gong. Vinje-prosjektet blei ferdigstilt. Elles var det store prosjekt i Nissedal, Skafsa, Kviteseid, Morgedal, Mandal og Langlim. Ved utgangen av året var det 2300 fiberkundar og 700 kundar på annan teknologi i VTK sitt område.

VTK fekk i 2018 inntekter på 10,3 mill.kr frå utleige av fiberkablar m.m. til Telefiber, ein auke på 11% i høve til året før. Dette gav eit driftsresultat på 4 mill.kr; - noko betre enn i 2017. Bokført verdi av VTK sitt kommersielle fibernett er 85 mill.kr. Totalt er det investert 100 mill.kr siste 15 år (+ anleggsbidrag).

### **ØVRIG (Kontortenester m.m.)**

I VTK-bygget leiger Vest-Telemark Brannvesen IKS og Telefiber AS kontorplass. VTK leverer også diverse økonomi- og kontortenester til desse to selskapa.

Skafsa Kraftverk ANS blir administrert av VTK og dagleg leiar held til i VTK-bygget.

VTK har eigen Pensjonskasse. Den blir administrert av VTK og har VTK, Skafsa Kraftverk og Telefiber som medlemsbedrifter. Samla fondskapital er på 140 mill.kr.

Øvrig verksemd har eit resultat omkring null.

## ***ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD***

### **Generelt**

Resultatet er det beste nokon gong. Årsaken er ein kraftig resultatbetring i kraftproduksjonen som fylgje av høgare prisar i spotmarknaden. Dette meir enn kompenserer for ein markert nedgang i resultatet for nettverksemada (sjå kommentar på side 6 og note 20).

Gjennomgangen under refererer seg til **VTK AS-tala**, dvs at netto andel av inntekter og utgifter i Skafsa Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA er ført som kraftkjøp.

### **Resultatrekneskaperen**

**Driftsinntektene** totalt er på 290,6 mill.kr, som er ein auke på 35,2 mill.kr (14%). Dette er primært eit resultat av auke i inntekter frå kraftsalg (29,4 mill.kr) som fylgje av høgare spotpris, men nettinntekter frå kraftverk og utleige av fiber har også ein auke. Det første skuldast høgare tapskostnader og har sin motpost i note 4 (Kjøp av nettap). Sjå elles note 1, 2 og 3.

**Kraftkjøp og anna varekjøp** er 94,8 mill.kr, som er ein auke på 6,4 mill.kr (7%). Auken skuldast dyrare nettap, fleire elsertifikat og høgare kostnader mot overliggende nett (Årsak: Statnett). Sjå note 4.


Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 195,8 mill.kr, som er ein auke på 28,8 mill.kr (17%). Heile auken kjem frå produksjon/kraftomsetning, som aukar med 64%.

**Personalkostnader.** Kostnadene til drift aukar med 4,2 mill.kr (12%). Hovudårsaken er auke i pensjonskostnader pga svak børsutvikling og tidleg-pensjoneringar, samt meir overtid ved feil i nettet (beredskapssituasjonar). Jfr note 5.

**Avskrivingane** går opp med 2,0 mill.kr (9%) til 23,8 mill.kr som fylgje av årets nye investeringar. Jfr note 11 og **finansielle forhold** under. AMS og fiberutbygging er hovudforklaringa her.

**Andre driftskostnader** aukar med 0,7 mill.kr (2%). Dette er netto effekt av små endringar på fleire postar. Jfr note 6.

**Driftsresultatet** blir med dette **99,7 mill.kr**, som er ein auke på 21,9 mill.kr (28%).



**Netto finanskostnader** går ned med 1,0 mill.kr (18%) som fylgje av rentenedgang. Jfr note 7, 8 og 18.

**Resultat før skatt** blir då 95,2 mill.kr som er 22,8 mill.kr (32%) betre enn i 2017.

**Skattekostnaden** aukar med 12,9 mill.kr (46%) til 41 mill.kr. Av dette skuldast 8,7 mill.kr auke i grunnrenteskatt. Total skattekostnad utgjer 43% av skattepliktig inntekt, mot 39% i 2017. Av skattekostnaden er 7,3 mill.kr endring i utsatt skatt, slik at betalbar skatt i 2017 blir redusert til 33,8 mill.kr. I tillegg er det betalt 6,8 mill.kr i eigedomskatt, men den er ført under "andre driftskostnader". Sjå note 6 og 9.

**Årsresultatet** blir med dette 54,2 mill.kr, som er + 10 mill.kr i høve til 2017.

### **Finansielle forhold (KONSERN-tal)**

#### **Investeringar**

Det er i året investert for 96,8 mill.kr. Av dette er 18,6 mill.kr finansiert av kundar og andre (11,5 frå nettkundar og 7,1 frå fiberkundar/kommunar). Netto investeringar i året blir då 78,2 mill.kr, som er 14,6 mill.kr meir enn i 2017.

Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:

- Kraftverk 11,7 mill.kr. Trontveit KV + Nytt kontrollanlegg i Sundsbarm.

- *Regionalnett* 2,7 mill.kr *Lio og Åmdal trafostasjonar*
- *Distr.nett* 19,4 mill.kr *Høgspent 10,0, Nettstasjonar 3,0, Lågspent 6,3*
- *AMS/NSO* 21,0 mill.kr *Nye målarar og innsamlingssystem*
- *Diverse* 3,4 mill.kr *Transportmidlar 2,3, Fjernstyring/radio 0,5, Aggregat 0,4, EDB 0,2*
- *Fiber* 20,0 mill.kr *Vinje, Nissedal, Kviteseid, Skafsdal, Mandal/Langlim m.fl.*

*Bare investeringar som er teke i bruk (spenningssett) er aktivert, resten er ført som anlegg under bygging. Jfr note 11.*

**Totalkapitalen** aukar med 61,7 mill.kr (9%) til 743,7 mill.kr. Årsaken er netto tilgang på anleggsmidlar (50,6 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (11,1 mill.kr). Jfr note 10 – 15.


**Langsiktig gjeld** aukar med 20 mill.kr og er ved årsskiftet 248 mill.kr. Av dette er gjeld til eigarane på 150 mill.kr. I tillegg har VTK ein kassakreditt med ramme på 40 mill.kr for å dekke opp likviditetsvariasjonar gjennom året. Sjå note 17.

**Netto gjeld** ved årsskiftet er 301 mill.kr, som er ein auke på kr 23 mill.kr.

**Eigenkapitalen** er ved utgangen av året 395,9 før avsetjing til utbyte. Med eit utbyte på 27 mill.kr blir bokført EK 368,9 mill.kr (49,6 %). Jfr note 16 (og note 18).

### **Avkastning**


På totalkapitalen før skatt:	14,1 %	(11,7 %)
På eigenkapitalen før skatt:	26,8 %	(21,9 %)
På eigenkapitalen etter skatt:	15,2 %	(13,4 %)



## **DISPONERING AV ÅRSRESULTATET**

Styrets framlegg:	Overføring til fri eigenkapital	27,2 mill.kr	(22,3)
	Utbytte	27,0 mill.kr	(22,0)
	Sum disponering	54,2 mill. kr	(44,3)

Samla utbytte sidan 2000 har då kome opp i 418 mill.kr.



## TILSETTE

VTK hadde ved utgangen av året 56 tilsette (54 årsverk) pluss 6 årsverk i kraftverka, dvs 60 årsverk totalt. Dette er som i fjor. I tillegg kjem lærlingar og sommarhjelper som også er med i personalkostnadene.

## LIKESTILLING

Styret har 6 eigarvalde medlemer som er fordelt likt på kvart kjønn. Det same gjeld personlege varamedlemer.

Av dei 60 årsverka totalt blei 8,5 utført av kvinner (9 personar). Kvinnene er tilsett i kontor- og reinhaldsfunksjonar og er innanfor desse arbeidsområda i stort fleirtal. Avtaleverket og lønssystemet er kjønnsnøytralt, slik at det er lik løn for likt arbeid. VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av det generelle avtaleverket innafor KS Bedrift sitt virkeområde.

## HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidsuhell, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. I 2018 hadde me ingen arbeidsuhell med fråvær. Sjukefråværet i VTK AS var 2,8% mot 2,1% i 2017.

Gjennomsnittet siste 10 år er 3,2 %. Som IA-bedrift er VTK pålagt å tilrettelegge for at tilsette kan halde fram i jobb sjølv om dei slit med sjukdom og kroniske plager. Fråvær frå slike personar er inkludert i tala over. VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS.

Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemnd er analysert og tiltaksvurdert.

Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. VTK sine beredskapsressursar baserer seg i stor grad på eigne fast tilsette, men vi har også viktige samarbeidspartnarar eksternt; - helikopter, tungtransport, skogryddarar, grossistar og andre nettselskap.

## STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

### Eigarstrategi

VTK har i 2018 motteke justert eigarstrategi frå alle eigarane. Med unntak av at Tokke kommune har ei anna formulering på eitt punkt, er den identisk i alle kommunar. Den slår fast at VTK sine mål er: 1. Maksimal verdiskaping for eigarane, 2. Sikre moderne og oppdatert infrastruktur i heile Vest-Telemark og 3. Vidareutvikle dagens forretningsområde. Den slår vidare fast at styret kan vedtaka og gjennomføre strukturelle endringar (oppkjøp, sal eller fusjon) innom ei ramme på 20% av selskapets balanse (dvs ca 150 mill.kr). Vidare at selskapet skal legge til grunn ein resultatbasert utbyttepolitikk, der forventninga er at det over tid skal delast ut 50% av

årsresultatet som utbytte. Styret skal ved fastsetjing av dei årlege utbytta ta omsyn til at eigarane ynskjer ein viss stabilitet, men også til selskapets behov for å finansiere vedtekne/nødvendige (re)investeringar og for å sikre at selskapet har ein kapitalisering som sikrar optimale lånevilkår i finansmarknaden. Eigarstrategien har også krav til systematisk informasjonsutveksling mellom styret og eigarane. Styret oppfattar strategien som førande for sitt arbeid ifrå 2019.

**Kraftproduksjon.** VTK har som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. I 2018 vedtok styret utbygging av Trontveit kraftverk i Nissedal. Det er sett i drift i mai 2019 og vil produsere ca 4 GWh/år. Lårdal kraftverk er i sluttfasen for offentleg sakshandsaing og byggestart kan bli i 2019. VTK jobbar også med 2-3 andre prosjekt.

Realisering før 1.1.2021 er viktig for å få full effekt av elsertifikat. Diverre blir elsertifikata omsett i ein marknadsbasert modell som gjer at verdien av dei er vanskeleg for ein investor å estimere.

Lønsemda innom produksjon av elektrisk kraft gjekk ned i mange år, men i 2017 og særleg i 2018 skjedde det ei stor betring i prisnivået på kort sikt og det ser ut som det også vil få effekt på lang sikt. På tilgangsside er det særleg kraftig utbygging av vind- og solkraft særleg i Tyskland, fornybarutbygging i Norge og Sverige og ny finsk kjernekraft som slår ut. Mykje av dette er realisert gjennom subsidier. Likevel må kolkraftverk framleis hjelpe til med å dekke opp etterspørsmålet dei fleste timane i løpet av året. Kolkraftverka fekk i 2018 ein kraftig kostnadsvekst som fylgje av dobling av kolprisen og ei 5-dobling av prisen på CO2-kvoter. Dette auka sjølvkostnaden frå om lag 20 øre/kWh til over 50 øre/kWh på det høgaste. Dette slo, som ein kunne vente, direkte over på prisnivået i spotmarknaden. Begge faktorane har dempa seg noko til no i 2019 og prisen har falle til ca 40 øre/kWh. Betre isolerte hus og stadig produktutvikling innom elektrisk materiell og utstyr, med lågare energibehov som resultat, reduserar etterspørsmålet. Auke i folketal og elektrifisering av transport- og oljesektoren dreg i motsett retning.


Skattenivået for kraftverk >10MW er høgt som fylgje av stadig auke i skatteprosenten for grunnrenteskatt. I tillegg har grunnrenteinntekta auka som ein konsekvens av redusert frådrag for friinntekt. På den andre sida er det positivt at ordinær skatt er sett ned frå 28% til 22% på få år. Utviklinga i skattesystemet favoriserar kraftverk under 10 MW då dei slepp grunnrenteskatt. Dette skatteregimet er diverre til hinder for at fornuftige utbyggingar av allereie utbygde vassdrag blir realisert. Ofte har desse prosjekta ingen eller svært små miljøkonsekvensar. VTK sine mest aktuelle prosjekta er alle under denne grensa.

Strategien for omsetning av kraftproduksjonen blei endra i 2017; - frå delevis prissikring på 1-3 års kontrakter til å selje alt i spotmarknaden. Resultatet var at all vår produksjon blei seld til spotpris i 2018. Styret har ingen planar om å revurdere denne strategien.

**Kraftomsetninga** til sluttbrukarar blir handtert uavhengig av kraftproduksjonen. Kraftoppdekkinga blir ordna gjennom kjøp i spotmarknaden og ved direkte kjøp frå Tokke kommune. Vinje kommune sa opp si avtale med VTK frå 1.1.2018. Det var difor berre Tokke kommune som leverar subsidiert lokal kraft til dei som bur i kommunen. Avtala er vekta spotpris med eit tak på 36 øre/kWh. Det taket kom krafikundar i Tokke til nytte i 10 av 12 månader i 2018.

Styret legg til grunn at kraftomsetninga framleis kan skje utan dekningsbidrag, dvs at salsprisen er vekta spot + pliktig kjøp av elsertifikat; - men at den nye eigarstrategien også opnar for å ta eit påslag for faktiske driftskostnader.; - i samsvar med vedteken strategi. I kva grad og korleis VTK skal drive denne verksemda i framtida er eit aktuelt tema, og vil naturleg koma opp til konkret vurdering seinast i samband med gjennomføring av selskapsmessig skilje. Det er i 2018 gjennomført marknadsføring av VTK sine prisar som fast spalte på siste side i lokalavisa.

Tabellen på neste side viser at VTK sin pris ligg om lag 6 øre/kWh under landssnittet for levering til hushald. Det gjev ei innsparing på 1500 kr/år inkl. mva ved 20000 kWh/år.



**Nettverksemda** har som mål å halde seg på ein effektivitetsscore på gjennomsnitt eller betre. Dette for å oppnå ei avkastning på nettkapitalen som sikrar finansiering av nødvendige (re)investeringar. Mykje av dagens høgspentnett blei bygd ut på 50- og 60-talet og behovet for vedlikehald og fornying aukar på. Desse anlegga er systematisk vurdert og rangert som grunnlag for årlege fornyingsplanar. For å redusere KILE-kostnadane, og dermed auke leveringskvaliteten, vil også vidare utbygging av overvakings- og fjernstyringssystem framleis vera eit prioritert område.


VTK vil også dei nærmaste åra få store investeringar i nettet. Kan her nemne ferdigstilling av 22kV Kjela-Hovden i samarbeid med Agder Energi Nett, som vil gje gjensidig reserve på 10MW. Straumforsyning av tunnellen Århus-Gvammen og tilkopling til Hjartdøla trafostasjon er også eit stort prosjekt med 20 km 22kV-kabel og 12 nettstasjonar.

Energiloven blei våren 2016 endra slik at nettverksemdu, etter ein overgangsperiode på 5 år, ikkje lenger kan drivast i same selskap som driv med kraftproduksjon og/eller kraftsalg. I praksis må VTK innan 1.1.2021 opprette minst to nye datterselskap; - eit for monopoldelen (NETT) og eit for konkurranseutsett verksemd (KRAFT). Styret har avventa endeleg avklaring når det forskrifter for funksjonelt skilje. Desse er framleis ikkje på plass. Styret vil syte for at VTK oppfyller dei nye krava innan fristen.

Utbygging av ny fornybar kraft (vind og småkraft), elektrifisering av sokkelen og transportsektoren utløyser store nettinvesteringar i sentralnettet i landet. Det ser ut til at mesteparten av rekninga for dette også hamnar på nettleiga til vanlege forbrukarar. Det er difor grunn til, på generelt grunnlag, å rekne med større auke i nettleiga i åra framover enn normal kostnadsutvikling skulle tilseia. I tillegg har Statnett konkrete planer om å redusere den rabatten som uttak i produksjonspunkt i dag har (den såkalla K-faktoren). Dette tyder i praksis å flytte kostnader «frå by til utkant». Dette vil i tilfelle slå svært negativt ut for VTK og kan gje ein kostnadsauke på inntil 15 mill.kr; - dvs 10-15% på nettleiga.

VTK har høg nettleige, men blir samstundes målt til å vera mellom dei 20 mest effektive nettselskapa i landet. Nettleiga vil relativt sett gå noko ned når mindreinntekta er henta inn. Den største utfordringa for VTK-NETT er at forbruksveksten er svært liten (nesten null). Dette set store krav til å ha kontroll på kostnadssida for å unngå stor prisauke. Styret er klar over denne situasjonen og har gjort tiltak på kostnadssida. Dette vil også bli fylgd opp i åra framover. Effektivisering gjennom å utnytte den teknologien som er investert i gjennom AMS og NSO (nettstasjonsovervaking) er avgjerande for å kunne halde fram som sjølvstendig nettselskap. Samarbeid med andre nettselskap kan vera nødvendig for å halde kostnadene nede på slike (og andre) digitaliseringsprosjekt. I den samanheng har VTK delteke i arbeidet med å utgreie felles driftssentralløysing for heile Telemark; - basert på Skagerak Nett sin teknologiske plattform. Vurderinga av denne løysinga, opp mot andre alternativer, ligg framleis til vurdering i

administrasjonen. Styret har som mål å ha innstilling klar i løpet av året. Eigarane har vurdert dette som eit overordna strategisk vegval og saka skal difor endeleg avgjerast i Generalforsamling.



**Fiber.** Sidan 1995 har VTK bygd ut fibersamband til eige bruk. På generalforsamlinga i 2004 gav eigarane styret fullmakt til å setja i gang utbygging av eit breibandnett til allmenn bruk. Grunngjevinga var mellom anna at god breibandsdekning til ein akseptabel pris er ein føresetnad for næringsutvikling, undervisning, nyskaping, gode offentlege tenester og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark i åra framover.

Etter å ha sikra minimum breibandsdekning til (nesten) alle i Vest-Telemark ved hjelp av xDSL, radio og fiber, starta Telefiber i 2012 opp med å bygge ut FTTH (Fiber To The Home) med leveranse av Altibox sine breibandstenester. Målet er å gjera fiber tilgjengeleg for flest mogeleg av fastbuande og næringsliv i Vest-Telemark innan få år. Også hyttefelt som ynskjer fiber er eller vil bli utbygde. Utbygginga skjer og vil også framover skje i kombinasjon av eigeninitierte prosjekt og utbyggingsar vunne i offentleg styrte anbodskonkurransar. Det har vore stor aktivitet i alle kommunar for å søke på statlege midlar, noko som er heilt avgjerande. Gjennomføring av denne strategien krev store investeringar. Nissedal og Vinje kommunar er, som dei første i VTK, «ferdig» utbygd. Tokke og Kviteseid vil vera langt på veg innan 2019. Seljord og Fyresdal er godt i gang for å få på plass dei siste områda. Innan 2021 vil det som er økonomisk forsvarleg langt på veg vera utbygd.

VTK har ein stabil og kompetent **arbeidsstokk**. Dette er viktig når så mykje av aktiviteten krev oversikt over, og lokalkunnskap om, eit stort geografisk område med tilhøyrande tekniske anlegg. Styret vil framleis ha fokus på å behalde og rekruttere personell, ved å syte for at VTK er ein attraktiv arbeidsplass. Styret takkar alle tilsette for god innsats i 2018.

Styret meiner at VTK har ei stabil utvikling og ein solid økonomi. VTK vil, innanfor dei rammer som kraftmarknaden, regelverk og reguleringsregime gjev, kunne oppfylle dei mål som eigarane til ei kvar tid har for selskapet. Det er likevel klart at store inveteringar i ny produksjon, nett og fiber framleis vil påverka det økonomiske resultatet og evna til å betale utbytte. Fordelen er at kapitalen bygger seg opp i selskapet, med den positive effekten det har for eigenkapitalen og marknadsverdien av selskapet.

Høydalsmo 31.desember 2018 / 7.juni 2019

Erik Skjervagen  
Erik Skjervagen (leiar)

Geir Kjartan Lid

Baiba Sheine  
Baiba Sheine (nestleiar)

Liv Grethe Ekre  
Liv Grethe Ekre

Øyvind Tveit  
Øyvind Tveit

Åshild Løvold  
Åshild Løvold

Aslak Bekhus  
Aslak Bekhus

Jarle Solbu  
Jarle Solbu

Ketil Kvæale  
(adm. direktør)

# RESULTATREKNESKAP 2018

(Tal i 1000 kr.)

<b>Konsern 2018</b>	<b>Konsern 2017</b>	<b>Tekst</b>	<b>Note</b>	<b>VTK AS 2018</b>	<b>VTK AS 2017</b>
146 945	117 301	<i>Kraftsalg</i>	1	143 229	113 827
132 488	128 816	<i>Nettinntekter</i>	2	132 488	128 816
15 293	13 157	<i>Andre driftsinntekter</i>	3	14 853	12 717
<b>294 726</b>	<b>259 274</b>	<b><i>Driftsinntekter</i></b>		<b>290 570</b>	<b>255 360</b>
82 442	72 552	<i>Kraftkjøp og anna varekjøp</i>	4	94 790	88 341
43 250	38 977	<i>Personalkostnader</i>	5	37 941	33 763
23 831	21 785	<i>Avskrivningar</i>	11	23 831	21 785
45 572	48 320	<i>Andre driftskostnader</i>	6	34 279	33 608
<b>195 095</b>	<b>181 634</b>	<b><i>Driftskostnader</i></b>		<b>190 841</b>	<b>177 497</b>
<b>99 631</b>	<b>77 765</b>	<b><i>Driftsresultat</i></b>		<b>99 729</b>	<b>77 863</b>
877	784	<i>Finansinntekter</i>	7	779	686
5 274	6 160	<i>Finanskostnader</i>	8	5 274	6 160
<b>4 397</b>	<b>5 376</b>	<b><i>Netto finanskostnader</i></b>		<b>4 495</b>	<b>5 474</b>
<b>95 234</b>	<b>72 389</b>	<b><i>Resultat før skattar</i></b>		<b>95 234</b>	<b>72 389</b>
41 014	28 103	<i>Skattekostnad</i>	9	41 014	28 103
<b>54 220</b>	<b>44 286</b>	<b><i>ÅRSRESULTAT</i></b>		<b>54 220</b>	<b>44 286</b>
27 220	22 286	<i>Overført til fri eigenkapital</i>		27 220	22 286
27 000	22 000	<i>Avsett til utbyte</i>		27 000	22 000
